

kjede vit • Гниение, ржавчина, микроб-
еских • Mund të blesh mesimim por jo
elalumenang • أن يستزي المخرجة ولكن ليس
jer det gode i oss når ma gjer
rücktheit der Jugend ist am Ende
ttre form kan efterliknas, men inte dess

FORUM
JURE

2

Garborglandet

INGER UNDHEIM

Time kommune

På Bryne reiser eit Nasjonalt Garborgsenter seg. Eit levande senter for litteratur og språk, demokrati, kunnskap og skaparkraft – eit formidlingscenter for framtida. Jærmuseet fekk driftsansvaret for prosjektet Nasjonalt Garborgsenter våren 2008, men Time kommune eig bygningen som også rommar nytt folkebibliotek i Time. Time kommune eig også Garborgmusea, Garborgheimen og Knudaheio, og har førebels ansvaret for drift og vedlikehald av husa. Time Mållag har ansvaret for dei fleste søndagsvaktene. Jærmuseet skal etter avtale med Time kommune ta over drifta av Garborgheimen og Knudaheio etter opninga av Nasjonalt Garborgsenter på Bryne i 2011/2012. Fotland kraftstasjon, Træe på Line og Time Bygdemuseum på Undheim blir framleis drivne av Time kommune og er derfor ikkje omtalte her.

NASJONALT GARBORGSENTER

Der meiningar møtest

Planane om eit Nasjonalt Garborgsenter på Bryne kom i kjølvatnet av det vellukka Garborg-året 2001, som vart gjennomført i samarbeid mellom Garborgregionane Jæren, Nord-Østerdalen, Asker og Oslo. I 2002 starta arbeidet med å realisera draumen, og i 2008 vart Nasjonalt Garborgsenter ein del av stiftinga Jærmuseet. Garborgsenteret er samlokalisert med nye Time bibliotek, like ved Rogalands høgaste hus i det såkalla Hetlandskvartalet sentralt på Bryne. Time kommune har finansiert lokalet, medan Jærmuseet har ansvar for utvikling og finansiering av innhaldet i Garborgsenteret, og elles anna nødvendig utstyr og innreieing av lokala. Arbeidet med senteret er i full gang, og etter planen opnar senteret for publikum i 2011/2012. Etter opninga vil Garborgsenteret òg overta driftsansvar og formidling ved Garborgmusea i Time kommune, Garborgheimen og Knudaheio. Investeringsbudsjettet er på kr 22,4 millionar eks. mva., der 13 millionar er sett av til utstillinga. Senteret legg opp til 7 årsverk og eit årleg driftsbudsjett på kring 8 millionar kroner. Målet er at Kulturdepartementet skal bidra med 60 prosent, Rogaland fylkeskommune med 15 prosent, Time kommune med 20 prosent, og Jærmuseet skal sjølv skaffa 5 prosent av driftsbudsjettet.

Garborgsenteret skal vera ein nasjonal formidlingsarena for å fremja interessa for Arne og Hulda Garborg sin litteratur og virke, deira tankar og visjonar. Ekteparet representerte eit svært viktig innslag i den nasjonsbygginga og den demokratiutviklinga Noreg stod midt oppe

i kring hundreårsskiftet. Dei stod sentralt i det offentlege ordsiftet, og var levande opptekne av å formulera det dei stod for og trudde på. Dei engasjerte seg for fridom og nasjonalt sjølvstende, kjempa for retten til eige språk og eigen identitet, og kjempa samstundes mot sosial urett og mot alle former for undertrykking av individet og den frie tanken.

Målgruppa for senteret er eit allment publikum utan særskilte faglege føresetnader. Unge vaksne i alderen 15–25 år er peika ut som ei av hovudmålgruppene. Garborgsenteret har derfor ei referansegruppe sett saman av 18 elevar frå vidaregåande skular i Asker, Time og Tynset kommune, som aktivt er med på å påverka innhaldet i senteret. Det vert utarbeida pedagogiske opplegg som er direkte knytta opp til læringsmål i ungdomsskule og vidaregåande skule. Eksterne faglege referantar innan mellom anna Garborgforskning, språkvitskap og medievitenskap vert trekt inn i arbeidet som ei kvalitetssikring. Garborgsenteret vil ha nær kontakt med aktuelle forskingsmiljø, Garborg-kommunane og litterære miljø andre stader i landet. Heimesida <http://www.garborg.no> skal vera ein ressurs for skule, forskning og dei ulike Garborg-miljøa. Senteret si heimeside er òg tenkt som ein stad for meiningsbryting og synleggjering av motkulturar som grunnlag for politisk engasjement.

Den faste utstillinga i Garborgsenteret vil vera basert på utvalde tema som er knytt opp mot Arne og Hulda Garborg sine visjonar, liv og virke. Desse er: ekteparet, språk, demokrati, litteratur, modernitet og tradisjon, livs- og samfunnssyn. Det vil òg vera rom for skiftande utstillingar i senteret. I god harmoni med Jærmuseet



Rogalandspolitikarane på Stortinget har gjort ein stor innsats for å skaffa sentrale investeringsmidlar til Nasjonalt Garborgsenter (i Time). 11. desember 2009 kunne statsråd Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) kunngjera at Regjeringa ville gi eit investerings-tilskot på 7 millionar kroner til utstillinga i Garborgsenteret. Under tilstellinga på Bryne hadde ho følge av stortingsrepresentantane Geir Pollestad (Sp), Eirin Sund (Ap) og Hallgeir Langeland (SV). Frå v.: Geir Pollestad, Magnhild Meltveit Kleppa, Eirin Sund, dåverande prosjektleiar Einar Schibevaag og Hallgeir Langeland.

Foto: Gunhild Hammeraas, Jærmuseet.



16. juni 2010 var ein stor dag for Garborgsenteret. Adm. dir. Terje Vareberg i SpareBank 1 SR-Bank hadde med seg ei svært så raus gåve til det nye senteret, 5 millionar kroner og lovnad om inntil yttarlegare 4 millionar kroner dersom Garborgsenteret klarte å samla inn tilsvarande sum frå næringslivet! Frå v.: regionbanksjef Elin Garborg, adm. dir. Terje Vareberg, direktør Målfrid Snørteland og nyttilsett avdelingsleiar for Garborgsenteret, Inger Undheim.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



sin «vitensenterpedagogikk» skal det skapast ei interaktiv og engasjerande utstilling: Publikum skal få læra ved å gjera.

Dei stavangerbaserte selskapa Media Farm og Arkidea har vunne anbodskonkurransen om å levera utstillingsløyising til Garborgsenteret. Dei besøkjande skal i utstillinga få ei forståing av kven Arne og Hulda Garborg var, kva rolle dei spelte i si samtid, og kvifor dei er viktige for oss i dag. Eit besøk i Garborgsenteret skal likevel ikkje vera ei historisk reise i Arne og Hulda sine liv, snarare ei erkjenningstrekk som inviterer oss til å reflektera over kven me er, kva verdiar me har og kva me vil kjempa for. Utstillinga skal vera dynamisk: Publikum vil bli invitert til å skapa nytt innhald, til dømes gjennom å produsera eigne tekstar, nye ord eller å lesa inn ein tekst på sin eigen dialekt. Ei balansert blanding av digitale og taktile installasjonar skal mogleggjera for den besøkjande å grava djupt i arven etter ekteparet Garborg, men òg å leika seg med ord og formuleringar.

Som eit hovudgrep retta spesielt mot grupper, vil Media Farm utvikla eit rollespel for å aktualisera tema som opptok ekteparet Garborg for nye generasjonar. Rollespelet har fått tittelen Opprør og handlar om ein tilspissa språkstrid i eit parallellunivers til dagens Noreg. Striden vekkjer til live dilemma som mellom anna likestilling, rettferd, eigenverd, maktbruk og demokrati. Media Farm har tidlegare utvikla vellukka rollespel som Minitinget for Stortinget og Deadline for Aftenbladet, og er i desse dagar i ferd med å levera eit rollespel til Europaparlamentet på 23 språk for besøkjande frå alle EU-landa. Dei har gode erfaringar med rollespelet som

formidlingsgrep, som i si oppbygging og dramaturgi drar deltakarane inn i ein fiktiv røyndom som løyser ut engasjement og innleving.

I tillegg til biblioteket og Garborgsenteret sine eigne areal inneheld bygget ein kafé i samband med biblioteket si avis- og tidsskriftavdeling, butikk, lesesal, møterom til disposisjon for foreningar og lag, samt ein sal som kan brukast både som festsal og til kulturarrangement. Det er lagt opp til at Garborgsenteret og biblioteket skal dra best mulig nytte av kvarandre, både i form av felleslokale og fellesarrangement. Når ein ny vidaregåande skule med om lag 1500 elevar vert næraste nabo til bibliotek og Garborgsenter i 2014, vert næring, læring og kultur samla i Hetlandskvartalet. Garborgsenteret ønskjer saman med biblioteket å bli ein viktig læringsarena der dei samla tilboda gir brukarane ikkje berre ein arbeids- og studiestad, men òg ein sosial møteplass for samtalar og meningsutvekslingar, for litteratur, engasjement og gode formidlingsopplevingar.

Ønskjer du å verta ein Garborg-ven?

Send epost til post@garborg.no

eller post til Nasjonalt Garborgsenter, Jærmuseet,
Postboks 250, 4367 Nærbø.



Foto: Jan Nordtveidt.

GARBORGHEIMEN OG KNUDAHEIO

Jærhusa i Arne Garborgs liv

I Time kommune ligg Garborg, Arne Garborg sin fødestad. Då han vaks opp, var det fem gardar som låg i sørhallet attunder Garborgåsen, med Risabakkane i sør, og Tjensvoll- og Mossige- og Fossebakkane i aust. «Midtvegs på lag, tett attunder åshøgda, og med den til live mot havvindane frå vest og nordvest, ligg Garborghusa. Det er fem i alt. (...) Dei gamle husa våre låg i kirsebærhagen, mellom Tønnes og Aasmund i nord og Sven og Andriss i sør; men han far, som søkte betre live, bygde noko lenger nede og sør, austanom vegen, rett imot husa hans Sven; der er det at eg er fødd og oppvaksen,» skriv Arne Garborg i *Knudaheibrev*.

Arne Garborg si ætt hadde drive gard på Garborg sidan byrjinga av 1600-talet. Denne garden vert kalla Eivindsparten. Eivind Aadneson Garborg (1822–1870) arbeidde etter konfirmasjonen som omgangsskulelærer og seinare -styrar fram til han tok over garden i 1849. Han vart omtalt som den klokaste mannen i Timesokna, og nytte stor respekt i bygda. Eivind trulova seg med Ane Oline (Olina) Raugstad i 1847. I trulovingstida bygde Eivind og Olina nytt hus på Eivindsparten. Paret gifta seg 23. november i 1848, og flytte rett inn i det nye huset, som var både stort og flott, med ei grunnflate på omlag 100 m². Med tanke på at det var dyrt med tømmer på Jæren, er det staseleg høgt under taket i Garborgheimen: Her var det velstand. Olina hadde då òg mange hundre dalar med til den nye heimen, og Eivind hadde lagt seg opp pengar i tida som lærar. Endå større vart velstanden på Garborg då odelsgutten Aadne Eivindsson, som sei-

nare skulle endra namn til Arne Garborg, vart fødd 25. januar 1851.

Garborgheimen er eit tradisjonelt jærhus med skutar i begge endane. Huset er eit midgangshus, med inngang midt på langsiden av huset, besteinngang på vestsida og dagleginngang til kjøkkenet på austsida. På kvar side av gangen og kjøkkenet låg stova i nord og bua (bestestova) i sør, med tilhøyrande kammers innanfor stovene. I tidlegare tider hang løa og huset saman. Då løa og huset skilde lag fekk huset ein lik del i den andre enden. Det var då eigentleg to «hus» i eitt. Dette er grunnen til at jærhuset vert omtalt i fleiral, som «huso» – husa. Då litle Aadne vaks opp på Garborg var heimen ikkje kvitmåla, men tjørebreidd. Huset hadde liggjande panel på vestsida og ståande panel på austsida. Begge kortveggane (brysta) over skutane var kledde med panner for å verna mot vêr og vind. I flukt med søre skuten låg ei ny løe.

Garborgheimen ligg i ei lita skråning. Dette har blitt fint utnytta til å laga kjellar i ganghøgd under heile huset. I kjellaren har Eivind grave ein brønn slik at ein ikkje trengde å gå ut for å henta vatn. I kjellaren var det jordgolv. Der kunne dei trygt lagra den viktigaste matressursen, jordeple – poteter, gjennom frost og kulde om vinteren. Skutane vart brukt som lagerrom for torv. Torvskutane fungerte òg som isolasjon på kortveggane i stova og bua. «Stabburet» hadde dei innandørs: På bualemme over bua lagra familien korn som skulle malast til vinteren, og her vart òg lagra annan mat som skulle stå tørt. På stovelemme sov dei eldste borna på flatsenger. Den solide pipa var ei god varmekjelde,



Garborgheimen. Foto: Jan Nordtveit.

«Fager og vel-stelt låg garden min der, ned-ervd til meg gjennom aldrar og ættir, og upparbeidd åt meg ikkje minst i den siste tid.» *Knudaheibrev*



Mor til Arne Garborg på Garborg i 1899. Broren hans, Abel på trappa. Foto: Julia Garborg.



Frå stova. Foto: Jan Nordtveit
«Der framanfor omnen sat han farfar fyrr;
der var det au at eg lærde å lesa.»

også på høgaloftet. Ho gav nok god varme frå seg ved rundfyring med torv, som brann seint.

Ved første augekast framstår Garborgheimen frå ut-sida som heilt symmetrisk. Ser ein betre etter, er pipa unnataket som ligg litt nord for midten av mønet. Det var bare stovedelen av huset som vart varma opp. Stove kjem frå engelsk og tyder omn, eldplass. Gjennom den store gruva på kjøkkenet la ein i torv til ovnane i stova og stovekammerset. Desse omnane vart kalla bileggjarar, og var ein godt kjend fyringsmetode i «torvland» som Færøyane, Danmark og Nederland. Stova var sjølv hjarta i huset. Her oppheldt både born og vaksne, husfolk og tenestefolk seg. Her åt familien, her vart det halde skule og andaktar, her sat ein kring omnen om kvelden med køla som einaste lyskjelde, her sov foreldra, og her vart borna fødde. I denne stova lærte òg little Aadne å lesa som fireåring av farfar og «nabne» Aadne Olsson Garborg. Slik skikken var hadde han flytta inn med dei nygifte, og budde på stovekammerset fram til han døydde i 1856. Etterkvart vart karduspapiret på veggene her fylt med nydikta salmevers av odelsgutten i huset som gjekk med diktardraummar.

Dersom det kom framande til gards vart dei som oftast bedne inn i «buo», bestestova, for å gjerast stas på. Hit inn bad ein òg gjester som ein helst ikkje ville skulle slå seg til så lenge, til dømes slike som kom i offentlege ærend. Med andre ord hadde omgrepet «å ta folk inn i varmen» ei mykje meir bokstavleg tyding før i tida! Elles vart bua for det meste verande bu, til oppbevaring av klede, dukar, sølvty og anna fint. Det heng krokhar langs veggene i bua til å henga klede på.

Om vintrane hang det òg eit teppe framfor døra inn til bua som ekstra isolasjon mot den uoppvarma delen av huset. I buakammerset innanfor bua var det boksjuke Aadne sneik seg inn for å lesa, helst seinhaustes og om vinteren, for då var det mindre utearbeid. Han var særst glad i eventyr og historier frå norrøn mytologi. Faren måtte for all del ikkje få greie på bokstundene på buakammerset. Etter at Eivind lét seg omvenda til ein fundamentalistisk pietisme vart lesing i anna enn Bibelen og andre oppbyggjelege skrifter bannlyst i heimen. Å, så kaldt det må ha vore! «Omn var der ikkje; og røre meg kunde eg ikkje; eg låg og las um kongar og gudar og fraus so eg skalv,» minnst Garborg i *Knudaheibrev*.

I 1869 selde Eivind garden til nabo og ven Tønnes Svensen Garborg, og kjøpte nytt hus i Sanddal i Stavan-ger. Til Sanddal flytte aldri Eivind. Han enda livet sitt for eiga hand i løa ein kald februarveld i 1870, bare nokre veker etter at minstejenta i syskenflokken på ni var fødd. Eivind lét seg driva frå Garborg, og livet, av sitt sjuke sinn. Nesteldste sonen i huset, Jon Garborg, skriv i eit brev til storebroren i 1890: «... i den siste tid var Far fælt so inneslutta i seg sjølv. Gjek grubliserte og når tankane løb ihob snakkad han høgt um seg sjølv og slog um seg med henderne og knipsad med fingrane.» Eivind såg på verdsleg motgang som teikn på Guds unåde: han «forgrobla seg på fortabelsen», som venen Tønnes sa.

Garborgheimen vart godt teken vare på av Tønnes Garborg og ætta hans. Under jordskiftet på Garborg i 1926–1929 var det bare med nauda at bygningane på Eivindsparten ikkje vart nedrivne og flytte til vestsida av

åsen. Ved hjelp av iherdige Garborgvener og velvilje frå Jæren Privatbank vart Garborgheimen overført til Time kommune 1. april 1940. I skøytet står det blant anna: «Eigedomen må ikkje verta pantsett, nedriven, flytt eller seld. Han skal stå som eit minne om diktaren Arne Garborg, som er fødd og oppvaksen i denne typiske Jærheimen. (...) Heradet syter for at eigedomen vert halden godt vedlike.» Åtte dagar etter overføringa, byrja krigen. Den endelege overrekkinga av Garborgheimen til Time kommune skjedde ikkje før under 100-årsjubileet for Arne Garborgs fødselsår i 1951.

I Knudaheio på Undheim, i grensa mellom Låg-Jæren og Høg-Jæren ligg Arne Garborg si sommarstove. Det skulle ta meir enn 30 år før diktaren vende tilbake til Jæren. Då konfirmanten Aadne forlét barndomsheimen, først til Riska for å vera skulelærer, og sidan til lærar-seminaret i Holt i Tvedestrand, hadde han mange vonde minne frå oppveksten på Garborg. Han hadde nok ingen planar om å venda tilbake. Diktardraumane hans hadde heller ikkje god grobotn på Jæren, og han reiste til Kristiania for å «studera eller døy». Etter fullført examen artium i Kristiania endra han namn frå Aadne til Arne. Årsaken til namneendringa skuldar han i *Knudaheibrev* på historikaren P. A. Munch, som hevda at Aadne var ei forvending av det opprinnelege norske namnet Arne. Gav P. A. Munch den unge forfattern her eit godt påskot for å kvitta seg med sin jærseke arv? Sjølv hevdar Garborg at han trega fælt på namneskiftet seinare.

Etter at Arne Garborg flytta frå Garborg var han bare sporadisk heimom, men då aldri i heimtraktene, sidan mora hadde flytta til Sanddal og etterkvart til Sandnes.



«Desse heidane og myrane med fjelli i aust
og havet i vest, det er det einaste av land
som rett kjem meg ved i verdi.
Andre stadir kan vera vene.
Dette kann vera vent eller stygt.
Men det er mitt. Og sistpå vert det vent.
Jamvel det som visst er stygt her,
– eg veit ingin stad som i grunnen er venare.

Der må vera ein visdom i dette.
Noko me hev halvt um halvt gløymt.
Men som me kjem til å lære upp att.»

Knudaheibrev

Men lengten etter Jæren vakna etterkvart. Ikkje minst kjende han dragnaden mot «heimlandet» då han budde på Ut-Salte under ferdigstillinga av den naturalistiske jærromanen *Fred* (1891), og då han fullførte *Haugtussa* (1895) på loftet hjå lensmann Gausland i Tårlandsmyra. «Eg kjende meir og meir at eg var jærbu,» skriv Garborg, som under desse opphalda tok til å drøyma om å flytta tilbake til Jæren. Men heidmarkingen Hulda ønskte ikkje å flytta til vinden på Jæren. Då Hulda, Arne og sonen Tuften busette seg i Asker i 1897, hadde han og Hulda kome fram til følgjande kompromiss: «eg skulde finne meg i alt ho her fann på, og ikkje knurre meir enn so måteleg. Men eg skulde få byggje meg ei «ungkarsstogu» på Jæren,» fortel Garborg i *Knudaheibrev*.

Arne Garborg leitte lenge etter ein ideell stad for den jærseke sommarstova si. I 1898 fann han endeleg drømmeplassen i Knudaheio på Stora-Undheim, i grensa mellom Låg- og Høg-Jæren. Tomta fekk han kjøpa for 100 kroner av brørne Veier og Peder Undheim. Garborg sjølv utforma kjøpskontrakten, som han har signert med døypenamnet sitt: Aadne E. Garborg. Folk meinte han hadde blitt snytt, og lurte på om Garborg var vel bevert: det var då ikkje med vit å betala hundre kroner for eit mål lyngmark oppi ei steinhei! Men Garborg meinte at då rekna dei ikkje med den flotte utsikta. Sven Little-Undheim bygde stova for Garborg etter «den gamle jærbumåten», med sidtøke på austsida, kjellar, og med skutar på endane. Garborg sjølv fekk hakeslepp då han fekk sjå «ungkarsstova» si for første gong i mai 1899 – med sine 48 kvadratmeter hadde hytta blitt dobbelt så stor som han hadde tenkt, med to stover og stor

Kjøbekontrakt.

Vi underskrevne Peder og
Vieck T. Andersen sælger hermed
at have solgt til medunderskrevne
Adm. E. Garborg et Stykke Jord af
en Udmark, hermed $1\frac{1}{2}$ Maal stort,
beliggende sønden om Knudskei beryt,
mellem dette i Nordøst og Gjeardit mod
Svend Andersen's Bjørnmark i Sydvest,
og begrænset til de to andre Sider
af rette linjer fra jordfaste Markkestene
til ovennævnte Gjerde.

For dette Jord stykke, samt for
Indgærding, som Sælgerne har paataget
sig at udføre smalt og inden Sta.
vanger Høstmarked indevarende
Aar, betaler et undertegnede A. Gar-
borg 100 - et hundrede - Kroner,

hvoraf Halvparten Kontant og
Resten, naar Gjerdingen er udført.

Kjøberens til sikres Ret
til at benytte Vieck gennem Sælgerens
Bjørnmark.

Skuld maa ikke holdes paa
Stedet.

Underskrevet 10^{de} Mai 1898

Kjøber

Adm. E. Garborg

Sælger:

Peder T. Andersen
Vieck Andersen

Til Vituelighed:
Johannes T. Andersen
Peder T. Andersen

takhøgd, ført opp på ein solid grunnmur av steinblokker – til ein svimlande sum på 1600 kroner. Folk måtte tru han var rik, konkluderte han. Faktisk nytta han bare halve arealet av hytta si: Den eine stova vart ståande så godt som tom, og i stovekammerset var senga så vond; ho mangla fjøler! I tillegg regna det inn, derfor sov Garborg heller inne i daglegstova.

Når ein ser Hulda sin nydelege Garborgheim på Hvalstad i Asker, framstår Arne si Knudaheio som ekstremt spartansk. Garborgs omgrep «ungkarsstove» er i si tradisjonelle tyding ei treffande skildring av Knudaheio: Her var det éin stol. Stolen som vart nytta som kontorstol og kjøkkenstol. Her var éin trebenk under stovevindauget som òg vart nytta som «gjesteseng». Her var eitt bord i stova, og ei ubrukeleg seng i stovekammerset. Hulda fekk på plass ein divan i stova som Arne brukte som seng. Av venninna Kitty Kielland fekk han ein jærgyngestol, som han sette stor pris på. Han arva seinare stoveklokka, og skatollet som hadde stått i bua på Garborg etter mor si. Desse to møblane hadde Garborg gode barndomsminne knytta til. Då dei hadde kome i hus vart det rett heimekoseleg på Knudaheio, tykte han.

Nokon praktiskar var ikkje diktaren. Hytta hadde opphavleg haljekledde vegger og torv på taket. Halje var strå eller siv, men heldt ikkje på den vêrharde plassen. Det gjorde heller ikkje torvtaket. Taket lék som ein sil i årevis før han fekk gjort noko med dette. Me kan sjå store vannskademerke på veggene inne, særleg på stovekammerset. Før Knudaheio vart sett i stand i 1905–07, hadde òg ein stut hadde forsynt seg av halja. Under



Arne Garborg fekk skatollet hennar mor og gamle Garborgklokka til Knudaheio. «Og stovo tek til å verta heimsteg,» tykte han. Foto: Jan Nordtveit

utbetringa fekk hytta panel på veggene og panner på taket, og vart raudmåla slik ho òg er i dag. Med slike tilstandar er det ikkje så rart at Hulda aldri overnatta på Knudaheio. Ho sov heller hjå «'an Jonnas i Mærlio», eller la seg inn på pensjonatet på Ogna når ho kom til jærs. Hulda var ikkje på Knudaheio meir enn tre gonger medan mannen levde. Ho tykte heller ikkje det var noko

Den ubrukelege senga. Foto: Jan Nordtveit



særleg å måtta forsera piggrågerde for å henta vatn i Bakketjødno.

Arne Garborg reiste til Knudaheio mest kvar sommar frå hytta hans stod ferdig i 1899 til han døydde i 1924. Ofte sat han og skreiv i ungarstova si og håpa at det ikkje kom folk innom. Men han var òg glad i å gå på besøk til vener og kjende, som «Hognestadkarane», far og son Hans og Eivind Hognestad, og ikkje minst barndomsvenen Martin Johan Matiassen Skou. Han tykte det var stas å høyra på jærdialekten slik dei «innfødde» snakka.

Han likte å gå i områda ved Snorestad, der han hadde vore heilagjetar som unggut. Arne Garborg var ikkje så nøye med kledda sine, og kunne rett som det var verta misteken for å vera ein «omreisande fant». Ein vårdag vart ei nabokone forskrekka over å sjå ein fant liggja og bera seg i grøfta oppe i Knudaheibakken. «Fanten» var Garborg som rulla seg i lyngen – i rein vårekstase!

I Knudaheio kjende Garborg seg heime. Så heime at han ville leggjast til kvile her: «Eg vil planta ein lund. Og i den lunden vil eg ein gong reise meg ein haug; i den vert

Gravhaugen i Knudaheio →

Foto: Jan Nordtveit

Arne Garborg i Knudaheistova.

«Det einaste eg hev som er namn verdt er ein av dei gode gamle Jær-stolane med sæte av sévflatning og høg spile-rygg, og dertil med ruggestols gjenge; den brukar eg til høgtidsstol, og stundom til sovestol; eg fekk 'n til Knudaheibakken av frk. Kitty L. Kielland. (...) Det eg hev mest av her er rom; og utsyn.»
(Knudaheibrev)



Foto: Oscar S. Olsen © Kjell Helle-Olsen.

eg lagd når eg er ferdug; der «bur» eg då sidan og er skogvord for Jæren??» skriv han i dagboka si i 1907. Arne Garborg døydde av lungebrann i 14. januar 1924. Hulda tilbød eignedomen i Knudaheio til Time kommune våren 1924 mot at kommunen tok på seg vedlikehaldet, og at dikteren si urne fekk sin plass der, slik han hadde ønskt seg. Søndag 7. juni 1925 kom Hulda og Tuften til Bryne med dikteren si oske. Urnedsettinga føregjekk utan seremoniar, utan talar eller sang – til stor kontrast til den storslåtte kyrkjelege gravferdsseremonien Arne Garborg fekk på statens bekostning – mot familiens vilje. Ti år seinare vart òg Hulda hauglagd i Knudaheio. Sonen deira, Tuften, meinte at Hulda si oske òg burde kvila i Knudaheio «som høyrer til i eit fylke, som hev funne vegen heimatt til seg sjølv og sagt ja til det som for mor og far var eit livsspursmål: norsk mål.» På minnetavlene på haugen kan me lesa følgjande vers:

HULDA GARBORG f. BERGERSEN
1862–1934

Gjev meg eit Rom i ditt Fang
Noreg mi Mor som eg elsker

AADNE EIVINDSSON GARBORG
1851–1924

Som Ljose hev den eine Draum
å brenne ned
han helsa glad den Skoddeflaum
som gav han Fred.

Verset som står på Aadne si minnetavle, er henta frå *Fred*. Han hadde sjølv plukka ut verset i 1913. Teksten på Hulda si minnetavle er henta frå diktet hennar «*Noreg, mitt land*» i Kornmoe (1930).

KJELDER:

Garborg, Arne: *Knudaheibrev* (1904).

Garborg, Arne: *Dagbok 1905–1924* (1925).

Frå Garborgheimen til Knudaheio. [Revidert og utvida hefte] om Arne Garborg, Garborgheimen og Knudaheio (1984).

Reime, Sigbjørn: «Garborgheimen og Knudaheio – to jærhus i kvar sin ende av eit diktarliv», i Marit Osland, Tom Hetland, Sigbjørn Reime (red.): *Garborg. Ei bok om dikteren og samfunnsmennesket – og om røtene hans* (2001).

Reime, Sigbjørn: *Om Garborgheimen. Diktaren Arne Garborg sin barndomsheim på Jæren* (2003).

Reime, Sigbjørn: *Om Knudaheio. Diktaren Arne Garborg si sommarstove på Jæren* (2003).

Reime, Sigbjørn: «*Heimen er både vond og god...*» – *Ei forteljning om liv og lagnader i Garborgheimen* (2009).

Takk til Time kommune og Kjell Helle-Olsen for utlån av bilete, og til Time Mållag for utlån av Knudaheikontrakten. Takk til kulturformidlar i Time kommune Sigbjørn Reime for gode råd og innspel.





Foto: Jan Nordtveidt.